



Austevoll kommune

Kystverket
postboks 1502

6025 ÅLESUND

Vår ref.
14/500-14/4314/BWE

Arkivkode
FE-

Dykkar ref.

Dato
28.03.2014

Austevoll fiskerihamn, søknad om tilskot til bygging av kaiar på Salthella

Innleiing.

Austevoll kommune søker med dette om tilskot til bygging av kaiar innafor ny molo i Austevoll fiskerihamn på Salthella. Med søknaden følger prosjektinformasjon, forprosjektskildring med utbyggingsplan, ulike kart, reguleringsplankart, tidsplan og kostnadsoverslag, datert februar 2014. Dette prosjektet er delt i byggetrinn 1 og 2.

Saksdokumenter.

Vi har lagt ved saksdokumenter i tråd med mal frå Kystverket, med vedlegg 1-6. Når det gjeld utbyggingsområdet for fiskerihamna er der ein gjeldande reguleringsplan/områdeplan for Salthella og Austevoll fiskerihamn. Dersom vedlagde dokument med denne områdeplanen er lite leseleg kan de gå til kommunen si heimeside på :

<https://www.austevoll.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=7&AId=1078> og studere den nærare.

Bakgrunn.

Arbeidet med planar for ny fiskerihamn tok for alvor til i februar-mars 2012 då konsulent for planarbeidet vart engasjert og kommunen og andre offentlege organ vart teke med i prosessen. Den 21.03.2012 vart det første møtet i referansegruppa for prosjektet halde på kommunehuset i Austevoll. Tanken var å byggja molo og kaiar innafor planområdet.

Det var trong for ein ny reguleringsplan. Austevoll kommunestyre godkjende 14.03.2013 ny reguleringsplan for Salthella med område for Austevoll fiskerihamn. Rederiet Olsengruppen AS med si fiskeflåte har frå starten vore interessert i kaibygging innafor området. Men ettersom kommunen går inn i prosjektet vert dette ålmenningkaiar med tilgang for alle.

Kommunale vedtak.

Kommunestyret handsama sak om utbygging i fiskerihamna i møtet 06.03.2014, sak nr 30/14 og gjorde slikt vedtak:

”Austevoll kommunestyre godkjenner at det vert søkt om tilskot *til kommunale* fiskerihannetiltak i Austevoll fiskerihamn innan 1. april 2014. Ordføraren får fullmakt til å senda inn slik søknad i samråd med tiltakshavar Ola Olsen.”

I samband med planlegging av Austevoll fiskerihamn, har kommunale kaiar bygd i samarbeid mellom kommune og næringslivet vore ein diskutert strategi. Ola Olsen har vore i dialog både med Kystverket og Austevoll kommune for å koma i posisjon for å byggja kai etter modell frå samarbeidet mellom kommunen og K. Halstensen AS i Bekkjervik, med basis i same ordning.

Ordføraren vurderer det som viktig å skapa aktivitet i fiskerihamna med ein gong, og vil difor stø opp under Ola Olsen sitt initiativ. Det er positivt at næringslivet gjennom slike initiativ syner at dei vil etablere aktivitet i hamna. Austevoll kommune har gode erfaringar med samarbeid med næringslivet og kystverket, og vil kunna søkja om tilskot etter same modell.

Vurdering.

Forprosjektet inneheld 3 stk ålmenningsskaiar på rekke innafor moloen som skal byggjast. Dette i tråd med reguleringsplanen. Med den organiseringa som vist på vedlagde teikningar kan ein enkelt får plass til 5-6 farty.

Utbygginga kan delast i to trinn slik det går fram av vedlagde dokument men det er ønskjeleg å få bygd bae trinna snarast mogleg.

Samla kostnader er i forprosjektet berekna til kr 30.277.750.- inkl mva, pr februar 2014.

Eigar av forprosjektet er eigar av området. Kaiane vil verte for ålmenn bruk slik at ingen har einerett på desse som liggjekaiar. Austevoll kommune vil ha ansvar for drift og vedlikehald av kaiane etter utbygging. Kaiane ligg sikra i reguleringsplanen godkjend i 2013. Området ligg også i kommuneplanen som næringsområde, godkjend også den i 2013.

Kostnadsoverslag.

Kostnad faste kaiar, byggetrinn 1 og 2	kr. 24.222.200.-
25 % mva	<u>kr. 6.055.550.-</u>
Sum inkl mva	<u>kr. 30.277.750.-</u>

Finansiering.

50% statstilskot	kr.12.111.100.-
Privat finansiering	kr.12.111.100.-
Mva-kompensasjon	<u>kr. 6.055.550.-</u>
Sum finansiering	<u>kr. 30.277.750.-</u>

Planavklaring.


Tiltaket er i samsvar med gjeldende reguleringsplan. Arbeidet med moloen er i gang våren 2014. Den er også med i reguleringsplanen.

Framdriftsplan.

Vi viser til vedlagde framdriftsplan men trekk fram sentrale tidspunkt her:

- Mars 2014 Naudsynt vedtak i kommunen om deltaking i kaiutbygging.
- 1. April 2014 innsending av søknad om statstilskot
- Hausten 2014 vedtak i Kystverket
- Vinteren 2015 anbodsperiode
- 1.april 2015 byggestart
- Sommaren 2016 ferdigstilling byggjearbeider trinn 1 og 2

Med helsing



Renate Møgster Klepsvik
Ordførar

Dok.dato	Tittel
28.03.2014	Austevoll fiskerihavn, Vedlegg nr 1_revidert 270314.docx
28.03.2014	Austevoll Fiskerihamnkart regplan vedl 6.jpg
28.03.2014	salthella s12.pdf
28.03.2014	salthella s13.pdf
28.03.2014	salthella s14.pdf
28.03.2014	Søknad tilskott Austevoll fiskerihamn Salthella, vedl 2, forprosjekt og kostn overslag byggetrinn 1-2
28.03.2014	salthella s1-6.pdf
28.03.2014	salthella s7.pdf
28.03.2014	salthella s8.pdf
28.03.2014	salthella s9.pdf
28.03.2014	salthella s10.pdf
28.03.2014	salthella s11.pdf
28.03.2014	Statistikk landinger, mannskap og fiskefartøy vedl 3.xlsx
28.03.2014	Vedlegg nr 3_revidert 09 01 14.doc
28.03.2014	Vedlegg 5 Tidsplan.docx
28.03.2014	Austevoll fiskerihamn, Vedlegg nr 4_revidert 280314.doc

Statsbudsjettets kap 1360 Kystverket post 60

Prosjektinformasjon

Sted : **SALTHELLA**
Postnummer: **5397**
Poststed: **BEKKJARVIK**
Kommune: **AUSTEVOLL**
Fylke: **HORDALAND**
Kommunens
kontaktperson og
kontaktpersonens
telefonnummer: **BJØRN WEFRING**
90366104
Kommunens
organisasjonsnummer: **941 139 787**
Kommunens
bankkontonummer: **6518.05.00949**
Type tiltak: **Beskrivelse og illustrasjon, fortrinnsvis luffoto med tiltaket
innteignet (bildet limes inn her):**

BYGGETRINN 1 - 2, FISKERIKAIER SALTHELLA





Fiskerihamn Salthella AUSTEVOLL

FORPROSJEKT
Utbyggingsplan med
Kostnadsoverslag

Februar 2014

SØRLI AS

FISKERIHAMN AUSTEVOLL SALTHELLA

I Austevoll er det mange store havgåande fiskebåtar, og dei treng ei god og trygg hamn når dei ligg under land, eller er ute i andre ærend som har med drifta å gjera. Båtane blir større og større, og dei gamle hamnene blir for små.

Det ligg no føre planar for ein større fiskerihamn ved Salthella, nordvest på Selbjørn, basert på ein relativ lang molo ut til nokre mindre holmar slik at det blir eit stort og relativt romsleg skjerma hamnebasseng. Her på Salthella er det og ein del viktige næringsverksemdar frå tidlegare med tilknytning til fiskerinæringa. Dei vert liggjande i indre del av hamna og får betre skjerma innsegling enn tidlegare.

Moloen vil skjerma eit område på ca 450 mål mot nordvesten som er verste vinden her. Det er vind i sektoren vestnordvest til nord. Nordaust har og lang strøklengde, men den er sjeldan ein sterk vind på våre kantar. Av desse 450 måla ligg 250 inne i hamnebassenget. Dette arealet i sjølve hamna er skjerma for vind frå så å seia alle kantar.

Den ytre delen av moloen som går i retning vest-aust, tangerer dei tre Vadholmene. I reguleringsplanen er den delen av holmane som ligg på utsida av moloen sett av til naturformål, og det er størstedelen av holmane. Men innsida og tilgrensande grunne areal er i planen sett av til industri.

Det er planen å starta med molobygginga i løpet av 2014.

Dette forprosjektet omfattar bygging av 3 kaiar kvar på 50m bygt i 2 byggetrinn. Byggetrinn 1 gjeld dei 2 første kaiene, byggetrinn 2 gjeld den 3. kaien.

KAIAR INNE I HAMNA

I vestre del av hamnebassenget skal det i første omgang byggjast tre kaiar, kvar kai er 50 meter lang. Krav til djupne ved kaifront er oppgitt til -8 m LAT (sjøkartverkets null). Dersom ein går ned til -10 LAT, kjem kaien 3 m lengre ut, og me får 150 m² større kaiplate, og truleg fleire pelar. Det vil føra til ein kostnadsauke på ca 2 mill kr pr kai.

ADKOMST TIL KAIANE

Kaidekket av betong vert i bakkant liggjande ca 80 cm lågare enn hovudvegen på moloen som ligg på + 3,17 NGO. Det er nødvendig med god adkomst til kaiene med bil. På teikning 307 - 03 er det vist ein felles veg bak kaiene på cote + 2,35 NGO med ein låg gråsteinsmur mot hovudvegen for å få plass til veggen. Hovudvegen er på teikning frå Kystverket vist 4,6 m brei + 0,2 m skulder på kvar side. Kaivegen blir ca 4 m brei, medrekna sidekantar, og 260 m lang. Denne veggen kan og nyttast til møte og forbikjøring på moloen og er såleis til felles nytte.

Ved bygging av moloen bør det takast omsyn til kaiene slik at dei ikkje treng å føra plastringlaget heilt opp til hovudvegen på moloen. Best hadde det vore om veggen til kaiene vart bygd samstundes med moloen.

KAIKONSTRUKSJONEN FUNDAMENTERING

Den mest naturlege fundamenteringsmåten her er pelar gjennom kjernemassen og ned til fjell eller beredyktig grunn. Det bør truleg nyttast pelar med herda spiss. Me har og vurdert eit alternativ med spuntvegg og fyllmassar av sprengstein bak spunten. Men slik forholda ligg til rette her, vil det bli ei dyr

og komplisert løysing. Dessutan vil ein kai med betongfylte pelar av stålrøyr med 12,5 mm gods ha lengre levetid.

PELAR

Det er rekna med to peleraster med innbyrdes avstand 8 m, og 7 m senteravstand mellom pelane i kvar rast. Pelane er av stålrøyr 711 x 12,5 mm og fylt med armert betong B 35. Kvar hovedbjelke, vinkelrett på kaifronten, åtte i alt, kviler på to pelar, sjå teikning 307 – 11. Pelane er plassert slik i høve til bjelkane at det stort sett blir berre trykkspenningar på undersida av bjelkane. Det hindrar riss og sprekker under bjelkane som kan føra til rust på armeringa som resultat.. Det er nemleg undersida av eit kaidekke som er mest utsett for rustangrep, for der heng det alltid salte dråpar av sjø, mest i sommarhalvåret. Er det riss i betongen, trengjer saltvatnet lett inn til armeringa, og rustprosessen er i gang. Med trykkspenningar på undersida av bjelkane får dei lengre levetid.

HOVUDBJELKANE

Det er 8 hovudbjelkar i alt, vinkelrett på kaifronten, med tverrsnitt $b/B/H = 1000/2000/1300$ mm. Dei to endebjelkane har desse måla $b/B/H = 1000/1500/1300$ mm. Senteravstand mellom bjelkane er 7 meter. Bjelkane er utkraga 3 m i kvar ende med 8 m midtspenn.

BAKVEGGEN

I bakkant av kaien mot fyllinga er det ein 500 mm tjukk betongvegg, ca 2 meter høg. Ved kvar ende av denne er det i nedre kant festa ei friksjonsplate 5 x 10 meter som går bakover og inn i fyllmassane for moloen og tener som forankring for kaien. Plastringslaget på innsida av moloen vert avslutta mot bakveggen.

KAIFRONTEN

Frontbjelken (fenderribba) er 1,8 m høg og har desse måla: $b/B/H = 500/1000/1800$ mm. O.k.kaifront er lagd på cote +2,2 m NGO med svak stigning innover mot moloen for å få vatnet til å renna av kaidekket. Byggherren bør vurdera om kaifronten kanskje bør leggjast høgare, bl. a. av omsyn til adkomst med bil. For gangtrafikk bør det gjerne vera ei enkel trapp med fire trinn opp til hovudvegen. Høgda på kaifronten er viktig for å unngå stor nivåskilnad mellom kaiane og hovudvegen på moloen. Byggherren bør vurdera denne løysinga.

BETONGDEKKET OVER PELANE

Sjølve betongplata er av 400 mm tjukk betong B 35 og kviler på hovedbjelkane med senteravstand 7 meter. Men p. g. a. at bjelkane har skrå sider, vert det berre 5 m opning mellom dei. Det fører til gunstig spenn for dekket som har nyttelast 2 tonn pr m².

FORANKRING

Ved kvar ende av kaien går det friksjonsplater frå bakveggen og inn i fyllmassane. Platene er 5 x 10 meter og 150 til 200 mm tjukke. Platene vert støypt direkte på relativt grovt underlag for god friksjon. Platene treng solid armering til resten av kaien for å kunna ta opp krefter frå store båtar. For solid forankring er det to skrå ribber, (tegn. 307-12) til kvar plate i forlenging av dei bjelkane som grensar til platene.

KOSTNADSOVERSLAG BYGGETRINN 1 (kai 1 og 2)

POST	BESKRIVELSE	ENH	MENGDE	ENH.PRIS	SUM	KAP.SUM
1	RIGG OG DRIFT	RS	1	800000	800 000	
						800 000
	GRUNNARBEID					
2	graving, inntilfylling bakvegg	RS	1	100000	100 000	
3	plastring bakvegg	RS	1	200000	200 000	
4	Graving friksjonsplate	RS	1	150000	150 000	
5	avretting friksjonsplate	m ²	200	80	16 000	
6	graving veg	RS	1	300000	300 000	
7	Mur mot veg på molo	m ²	500	2000	1 000 000	
8	grovplanering veg	m ²	2200	60	132 000	
9	topplag planering veg	m ²	2200	110	242 000	
10	reparasjon plastring og diverse	RS	1	200000	200 000	
						2 340 000
	PELING					
11	ekstra pelerigg	RS	1	350000	350 000	
12	Innmåling	RS	1	100000	100 000	
13	stålrør	m	520	2300	1 196 000	
14	pelspiss	stk	32	17000	544 000	
15	oppstilling	stk	32	5000	160 000	
16	ramming	m	520	1200	624 000	
17	supplerende ramming	RS	1	200000	200 000	
18	innmeisling, stoppslaging	stk	32	6000	192 000	
19	kapping	stk	32	2500	80 000	
20	avstiving	stk	32	7000	224 000	
						3 670 000
	BETONGARBEID					
21	armering pel	kg	40000	20	800 000	
22	betong pel	m ³	200	3000	600 000	
23	forskaling bakvegg	m ²	400	1400	560 000	
24	armering bakvegg	kg	20000	20	400 000	
25	betong bakvegg	m ³	100	3000	300 000	
26	forskaling hovedbjelkar	m ²	640	1500	960 000	
27	armering hovedbjelkar	kg	56000	20	1 120 000	
28	betong hovedbjelkar	m ³	300	3000	900 000	
29	forskaling frontbjelkar	m ²	400	1400	560 000	
30	armering frontbjelkar	kg	20000	20	400 000	
31	betong frontbjelkar	m ³	112	3000	336 000	
32	utsparing frontbjelkar	stk	17	2000	34 000	
33	forskaling dekke	m ²	880	1400	1 232 000	
34	armering dekke	kg	110000	20	2 200 000	
35	betong dekke	m ³	560	3000	1 680 000	
36	avtrekking glatting dekke	m ²	1400	100	140 000	
37	forskaling friksjonsplater	m ²	60	3000	180 000	
38	armering friksjonsplater	kg	12000	20	240 000	
39	betong friksjonsplater	m ³	60	3000	180 000	
	SUM DENNE SIDE				19 632 000	

POST	BESKRIVELSE	ENH	MENGDE	ENH.PRIS	SUM	KAP.SUM
	OVERFØRT FRA FORRIGE SIDE				19 632 000	
40	betongdekke veg	m ²	2200	750	1 650 000	
41	fuger veg	RS	1	55000	55 000	
						17 682 000
	UTSTYR					
42	leidere	RS	2	50000	100 000	
43	frontlist	RS	1	200000	200 000	
44	fendere av dumperdekk	m	106	2200	233 200	
45	pollere	stk	14	18000	252 000	
46	vatn framføring	RS	1	40000	40 000	
47	elektro framføring	RS	1	60000	60 000	
48	markeringslys	stk	4	15000	60 000	
49	lysmaster	stk	4	35000	140 000	
						1 085 200
	GENERELLE KOSTNADER					
50	uforutsett	RS	1	1000000	1 000 000	
51	prosjektering, byggeledelse og adm.	RS	1	800000	800 000	
						1 800 000
	SUM EKS AVGIFT BYGGETRINN 1				24 222 200	
	25% MVA				6 055 550	
	SUM INKL AVGIFT BYGGETRINN 1				30 277 750	


KOSTNADSOVERSLAG BYGGETRINN 2 (kai 3)

POST	BESKRIVELSE	ENH	MENGDE	ENH.PRIS	SUM	KAP.SUM
1	RIGG OG DRIFT	RS	1	500000	500 000	
						500 000
	GRUNNARBEID					
2	graving, inntilfylling bakvegg	RS	1	50000	50 000	
3	plastring bakvegg	RS	1	100000	100 000	
4	Graving friksjonsplate	RS	1	75000	75 000	
5	avretting friksjonsplate	m ²	100	80	8 000	
6	graving veg	RS	1	150000	150 000	
7	Mur mot veg på molo	m ²	250	2000	500 000	
8	grovplanering veg	m ²	1100	60	66 000	
9	topplag planering veg	m ²	1100	110	121 000	
10	reparasjon plastring og diverse	RS	1	100000	100 000	
						1 170 000
	PELING					
11	ekstra pelerigg	RS	1	300000	300 000	
12	Innmåling	RS	1	75000	75 000	
13	stålrør	m	260	2300	598 000	
14	pelspiss	stk	16	17000	272 000	
	SUM DENNE SIDE				2 415 000	

POST	BESKRIVELSE	ENH	MENGDE	ENH.PRIS	SUM	KAP.SUM
	OVERFØRT DRA FORRIGE SIDE				2 415 000	
	Oppstilling	stk	16	5000	80 000	
	Ramming	m	260	1200	312 000	
17	supplerende ramming	RS	1	100000	100 000	
18	innmeisling, stoppslaging	stk	16	6000	96 000	
19	kapping	stk	16	2500	40 000	
20	avstiving	stk	16	7000	112 000	
						3 155 000
	BETONGARBEID					
21	armering pel	kg	20000	20	400 000	
22	betong pel	m ³	100	3000	300 000	
23	forskaling bakvegg	m ²	200	1400	280 000	
24	armering bakvegg	kg	10000	20	200 000	
25	betong bakvegg	m ³	50	3000	150 000	
26	forskaling hovedbjelkar	m ²	320	1500	480 000	
27	armering hovedbjelkar	kg	28000	20	560 000	
28	betong hovedbjelkar	m ³	150	3000	450 000	
29	forskaling frontbjelkar	m ²	200	1400	280 000	
30	armering frontbjelkar	kg	10000	20	200 000	
31	betong frontbjelkar	m ³	56	3000	168 000	
32	utsparing frontbjelkar	stk	7	2000	14 000	
33	forskaling dekke	m ²	440	1400	616 000	
34	armering dekke	kg	55000	20	1 100 000	
35	betong dekke	m ³	280	3000	840 000	
36	avtrekking glatting dekke	m ²	700	100	70 000	
37	forskaling friksjonsplater	m ²	30	3000	90 000	
38	armering friksjonsplater	kg	6000	20	120 000	
39	betong friksjonsplater	m ³	30	3000	90 000	
40	betongdekke veg	m ²	1100	750	825 000	
41	fuger veg	RS	1	30000	30 000	
	UTSTYR					
42	leidere	RS	1	50000	50 000	
43	frontlist	RS	1	100000	100 000	
44	fendere av dumperdekk	m	53	2200	116 600	
45	pollere	stk	7	18000	126 000	
46	Vatn framføring	RS	1	30000	30 000	
47	elektro framføring	RS	1	50000	50 000	
48	markeringslys	stk	2	15000	30 000	
49	lysmaster	stk	2	35000	70 000	
	GENERELLE KOSTNADER					
50	uforutsett	RS	1	500000	500 000	
51	prosjektering, byggeledelse og adm.	RS	1	450000	450 000	
						950 000
	SUM EKS AVGIFT BYGGETRINN 2				11 940 600	

Stord 25.02.2014

SØRLI AS
Øystein Sørli



Revisjon		Målestokk	Nr.	Sign.	Dato
FISKERIHAVN SALTHELLA		1:2000		JS	20.11.13
AUSTEVOLL KOMMUNE			Trac	ØS	20.11.13
BOTNKART		Erstatting tegn.		Rev.	
		307-02			
SØRLI as		Postboks 215, 5402 STORD			
RÅDGIVENDE INGENIØRER BYGGETEKNIKK		tlf 53406607 fax 53406609			
		www.soertlino os@soertlino			

POE
0+487.89
6658426.78
283079.39



MOLO 1

HAMNA



PI
0+118.39
6658172.14
283218.94

PI
0+206.43
6658230.8
283271.21


O+
0+200.00
6658260.00
283260.14



Revisjon	Målestokk	Nr.	Sign.	Dato
FISKERIHAMN SALTHELLA AUSTEVOLL KOMMUNE	1:200	Tegn	JS	20.11.13
	1:500	Trac		
ADKOMST KAI PLAN OG SNITT	Erstatter tegn.		ØS	20.11.13
	307-03		Rev.	
SØRLI as RÅDGIVENDE INGENIØRER BYGGTEKNIKK		Postboks 215, 5402 STORD tlf 53400607 Fax 53400609 www.soerli.no os@soerli.no		




Revisjon		Målestokk	Nr.	Sign.	Dato
FISKERIHAMN SALTHELLA		1:200	Tegn.	JS	02.09.13
AUSTEVOLL KOMMUNE			Tred.		
			Kont.	BS	03.09.13
PLAN KAI		Eratetter tegn.		Rev.	
		307-11			
SØRLI as		Postboks 215, 5402 STORD		tlf 53400607 Fax 53400609	
RÅDGIVENDE INGENIØRER BYGGETEKNIKK		www.soerli.no		os@soerli.no	



Revisjon		Nålestokk	Nr.	Sgn.	Dato
FISKERIHAMN SALTHELLA		1:100	Tegn.	JS	12.11.13
AUSTEVOLL KOMMUNE			Trac.	BS	12.11.13
SNITT KAI		Erstatler tegn.		Rev.	
		307-12			
SØRLI as		Postboks 215, 5402 STORD			
RÅDGIVENDE INGENIØRER BYGGETEKNIKK		tlf 53400607 Fax 53400609			
		www.sorli.no os@sorli.no			

FISKERIHAMN SALTHELLA AUSTEVOLL

Sjøkart M = 1 : 50.000





**FISKERIHAMN SALTHELLA
AUSTEVOLL**

M = 1 : 25000

SØRLI as
Postboks 215 - 5402 STORD
Tlf. 53 40 06 07 - Fax 53 40 06 09

FISKERIHAMN SALTHELLA AUSTEVOLL

Oversiktskart M = 1 : 50.000



SKJEMA 1 SOM VEDLEGG TIL SØKNAD OVER KAP. 1360 POST 60

Svar i tomme rubrikker.

Anlegget omfatter	
Kai "K", flytekai "FK", molo "M", utdypning "U" el. Annet "A"	K
Utbyggingskostnader	24.222.200

Statistiske opplysninger:	Siste år (2013)	I fjor	For to år siden
1) Antall fiskere blad A på stedet	5	5	6
2) Antall fiskere blad B på stedet	237	230	257
3) Antall fiskefartøyer hjemmehørende på stedet:			
Lengde < 11 meter	64	56	58
Lengde fra 11 t.o.m. 15 meter	3	3	2
Lengde fra 15 t.o.m. 21 meter	2	2	3
Lengde fra 21 t.o.m. 28 meter	1	1	3
Lengde fra 28 meter	26	27	24
4) Mengde (tonn) ilandbrakt fisk på stedet	39 106	33 493	51 531
5) Verdi (mill kr) av ilandbrakt fisk på stedet	192,1	185,8	356, 8
6) Antall fiskere på stedet som drar direkte nytte av tiltaket ¹	120		
7) Antall fremmede fiskere som drar direkte nytte av tiltaket ¹	300		
8) Antall sysselsatte på land som drar nytte av tiltaket ²	50		
9) Antall hjemmehørende fartøyer som drar direkte nytte av tiltaket ¹	25		
10) Antall fremmede fartøyer som drar direkte nytte av tiltaket ¹	30		

1. Med direkte nytte menes de fartøyer eller fiskere på fartøy som blir berørt av utbyggingen. For eksempel ved en utdypning, menes de fartøyer som nå får tilgang/bedret adkomst til en havn.

2. Med sysselsatte på land menes sysselsatte i første linje som er direkte knyttet til fiskeriservice m.v.

Sted StorebøDato 26.03.2014Sign

F.01.004 Fiskefartøy, etter kommune, lengdegruppe og år

	2009	2010	2011
1244 AUSTEVÅG			
1. Under 10 meter største lengde	48	43	47
2. 10-10,99 meter største lengde	14	10	11
3. 11-14,99 meter største lengde	5	5	2
4. 15-20,99 meter største lengde	3	2	3
5. 21-27,99 meter største lengde	3	2	3
6. 28 meter største lengde og over	26	25	24
SUM	99	87	90
Under 11 meter	62	53	58
Fra 11 t.o.m. 15 m	5	5	2
Fra 15 t.o.m. 21 m	3	2	3
Fra 21 t.o.m. 28 m	3	2	3
fra 28 m	26	25	24
SUM	99	87	90

2012

2013

47	54
9	10
3	3
2	2
1	1
27	26
<hr/>	
89	96

56	64
3	3
2	2
1	1
27	26
<hr/>	
89	96

SKJEMA 2 SOM VEDLEGG TIL SØKNAD OVER KAP. 1360 POST 60

Skjemaet viser hvordan kostnadsoverslaget skal spesifiseres for forskjellige tilskuddsobjekter, og hvilke kostnader som inngår i grunnlaget for beregning av tilskuddet.

Tilskuddssats inntil 50%

	<u>FASTE KAIER</u>	Kostnad	Tilskuddsgrunnlag
	Byggeplasskostnader/rigg	800.000	Vurderes
	Fylling	100.000	0 (vurderes)
	Plastring under kai	400.000	100%
	Peler/spunt/celler	6.230.000	100%
	Dekke med dragere	8.232.000	100%
	Friksjonsplate/forankring	766.000	100%
	Skjørt	1.330.000	100%
	Pullere/fenderverk	485.200	100%
	Lovpålagt redningsutstyr/belysning	500.000	100%
	Strøm fram til kai	60.000	0
	Vann og avløp	50.000	0
	Øvrige entreprisekostnader	3.469.000	Vurderes
A	Sum ekskl. mva.	22.422.200	
	Kapitalkostnader	0	0
	Uforutsett (maks. 7% av A)	1.000.000	Vurderes
	Planlegging/prosjektering (maks 7% av A)	800.000	Vurderes
B	Samlet kostnad ekskl. mva.	24.222.200	
	25 % mva.	6.055.550	
C	Samlet kostnad inkl. mva.	30.277.750	

Tilskuddssats inntil 35%

	<u>FLYTEKAIER</u>	Kostnad	Tilskuddsgrunnlag
	Byggeplasskostnader/rigg		Vurderes
	Fylling for landgang		100%
	Flytekai inkl. landgang		100%
	Forankring		100%
	Transportkostnader		100%
	Lovpålagt redningsutstyr/belysning		100%
	Strøm fram til kai		0
	Vann og avløp		0
	Øvrige entreprisekostnader		Vurderes
A	Sum ekskl. mva		
	Kapitalkostnader		0
	Uforutsett (maks 7% av A)		Vurderes
	Planlegging/prosjektering (maks 7% av A)		Vurderes
B	Total kostnad ekskl. mva.		
	25 % mva		
C	Samlet kostnad inkl. mva.		

Tilskuddssats inntil 50%


	<u>UTDYPING</u>	Kostnad	Tilskuddsgrunnlag
	Byggeplasskostnader/rigg og drift		Vurderes
	Undervannssprenging		100%
	Mudring		100%
	Sjeteer		Vurderes
	Øvrige entreprisekostnader		Vurderes
A	Sum ekskl. mva.		
	Kapitalkostnader		0
	Uforutsett (maks 7% av A)		Vurderes
	Planlegging/prosjektering (maks 7% av A)		Vurderes
	25 % mva.		
C	Total kostnad inkl. mva.		

Tilskuddssats inntil 50%

	<u>MOLO</u>	Kostnad	Tilskuddsgrunnlag
	Byggeplasskostnader/rigg og drift		Vurderes
	Fylling/plastring		100%
	Dekke		100%
	Øvrige entreprisekostnader		Vurderes
A	Sum ekskl. mva		
	Kapitalkostnader		0
	Uforutsett (maks 7% av A)		Vurderes
	Planlegging/prosjektering (maks 7% av A)		Vurderes
B	Total kostnad ekskl. mva.		
	25 % mva		
C	Total kostnad inkl. mva		

SØKNAD OM TILSKOT TIL FISKERIHAMN AUSTEVOLL, SALTHELLA**TIDSPLAN**

Haust 2013	Utarbeiding av forprosjekt byggetrinn 1 og 2
Vår 2014	Naudsynte vedtak i kommunen for byggetrinn 1
01.04.2014	Sende inn søknad om tilskot til Kystverket byggetrinn 1
Haust 2014	Vedtak i Kystverket byggetrinn 1
01.12.14-01.02.15	Utarbeiding av anbudsmateriell byggetrinn 1
01.01.15	Utlysing av anbud byggetrinn 1
01.02.15	Utsending av anbud byggetrinn 1
05.03.15	Anbudsopting byggetrinn 1
Vår 2015	Naudsynte vedtak i kommunen for byggetrinn 2
01.04.2014	Sende inn søknad om tilskot til Kystverket byggetrinn 2
01.04.2015	Oppstart byggearbeider byggetrinn 1
<u>31.10.2015</u>	<u>Ferdigstilling byggearbeider byggetrinn 1</u>
Haust 2015	Vedtak i Kystverket byggetrinn 2
01.12.15-01.02.16	Utarbeiding av anbudsmateriell byggetrinn 2
01.01.16	Utlysing av anbud byggetrinn 2
01.02.16	Utsending av anbud byggetrinn 2
05.03.16	Anbudsopting byggetrinn 2
01.04.2016	Oppstart byggearbeider byggetrinn 2
<u>31.08.2016</u>	<u>Ferdigstilling byggearbeider byggetrinn 2</u>



LEGENDA

SYMBOLS AND COLOURS:

- Blue: Water bodies (reservoir, lake, river)
- Green: Forests and wooded areas
- Red: Urban areas and settlements
- Purple: Specific planning or land use zones
- Yellow: Agricultural land
- Orange: Open fields and meadows
- White: Bare ground and roads
- Black: Contour lines and infrastructure

Scale: 1:50,000

Map Information:

Map No. 1:50,000
 Scale: 1:50,000
 Date: 1980
 Author: [Name]
 Editor: [Name]

